

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:  
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: 2

Tal uprenta vedlegg: 1

## **Forprosjekt - Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar**

### **Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

1. Vestlandsrådet startar opp forprosjekt i "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar" i andre halvår 2005. Forprosjektet vil gå over 9 månader, og bli avslutta i 2. kvartal 2006.
2. I forprosjektet skal ein m.a.:  
Avklara utfordringar og muligheiter for påverknad og endring av kanalisering og bruk av utviklingsmidlar, forskingsmidlar og kapital til beste for næringsutvikling basert på nye marine artar på Vestlandet.  
Greie ut samarbeidsmodellar på Vestlandet og samarbeid med nasjonalt nivå.  
Konkretisere og gje innhald til Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar.
3. I forprosjektet vil ein greie ut og sjå på høve til etablering av ny risikovillig kapital for nye oppdrettsartar.
4. Samla vert utgiftene til forprosjektet kr. 900 000. I VR-sak 5/05 (12/1 2005) vart det sett av kr. 400 000 til arbeidet med "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar". Vestlandsrådet set av nye kr. 500 000 til forprosjektet.

[... Sett inn aksutredninga under denne linja ↓](#)

Prenta vedlegg:

1. Notat til næringsgruppa i Vestlandsrådet datert 19/1 2005.
2. "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar. Førebuingfasen – beskriving og status.

Uprenta vedlegg:

1. Rapport "Vurdering av utvikling av nye marine artar i oppdrett og bruk av offentlige virkemidler for kommersialisering på Vestlandet", Norconsult, november 2004.

## **Saksframstilling**

### **Bakgrunn for saka**

I VR-sak 5/05 den 12/1 2005 vart det vedteke å utvikle ein strategisk handlingsplan for nye marine artar i akvakultur, kalla "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar". Sentrale strategiar og tiltak var: finanseiring, forskning og utvikling (FoU) og å arbeide med rammeføresetnader og verktøy. Under kvar av desse hovudemna var det igjen lista fleire aktivitetar/tiltak (sjå vedlegg 1).

Næringsgruppa i Vestlandsrådet driv arbeidet og rapporterer vanleg tenesteveg til Vestlandsrådet. For å gjennomføre det praktiske arbeidet i førebuingsfasa, har ein oppretta ei "marin ressursgruppe i Vestlandsrådet". Denne er sett saman av representantar som har arbeidsfelt innan dei marine næringane i kvart fylke, samt prosjektleiar for Marin Vest.

Det vidare arbeidet med utvikling av "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar" er organisert i 3 fasar:

- Førebuingsfasa (fram til juli 2005)
- Forprosjektet (2. halvår 2005 – 2. kvartal 2006)
- "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar" frå 2. kvartal 2006 – 2012.

Ein nærar seg no avslutninga av førebuingsfasa og ynskjer å starte opp eit forprosjekt.

#### *Førebuingsfasa*

Ein har i førebuingsfasa arbeidd med forankring og utdjuing av deler innan alle dei tre sentrale strategiane nemnt i vedtaket. Ei utdjuing av desse aktivitetane er lagt ved som eit underlagsdokument i saka (Vedlegg 2).

Marin ressursgruppe har følgd strategien som vart skissert i notat datert 19/1 2005, *Marin satsing i Vestlandsrådet – notat om vidare arbeid*. (Vedlegg 1).

I denne fasen har ein sett det som viktig å leggja vekt på arbeidet med å forankre tanken og ideen om "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar" hjå næringa sjølve og hjå andre sentrale aktørar. I hovudsak har dette funne stad gjennom munnleg informasjon gjennom ulike møter og fagsamlingar, og gjennom media (Sogn og Fjordane). Vi har registrert ei sameint entusiasme og støtte frå næringa sjølve for å vidareutvikle "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar".

Vi har samstundes sett det som viktig å spela inn til dei sentrale prosessane som finn stad (t.d. Stortingsmelding nr. 19 om marin næringsutvikling i VR-sak 0022/05, i tillegg til fleire møter med sentrale aktørar).

### **Kunnskap hausta i førebuingsfasen**

Gjennom arbeidet i den førebuande fasa har ein fått forsterka inntrykket om at dei største utfordringane hjå næringa ligg i pilot/oppskaleringfasen. Vidare at ein i denne fasen ikkje berre må tenke på produksjonsdelen, men at ein må ha med seg ei heilskaplig verdikjedetenking. Dette betyr at alle dei 3 hovudstrategiane lista i vedtaket frå 12/1 bør arbeidast vidare med i forprosjektet, men at arbeidet med å få på plass tilfredstillande finansiering bør bli tungt vektlagt.

I første omgang kan det vere rett å sjå om vi kan få til ei samordning av dei verkemidla som allereie finst Vestlandet, m.a. dei overførte utviklingsmidlane (Fylkeskommunane og Innovasjon Norge) og bruken av desse. Den marine ressursgruppa i Vestlandsrådet har starta arbeidet med å kartlegge bruken av desse gjennom dei siste 2 åra.

Det er vidare tankar om å utforske sjansane for å sjå på ei ny garantiordning for dei som satsar på nyutvikling, og å etablere eit bransjeretta fond for dei nye marine artane.

Arbeidet mot Norges Forskningsråd (NFR) har så langt ikkje vist at det er vilje til ei vridning eller delegering av avgrensa oppgåver/midlar frå NFR til eit Vestlandsprogram. Derimot kan vi få ta del i erfaringar med arbeidet og organiseringa som NFR gjør/har gjort i samband sine pågåande program og det tidlegare Numario-programmet (Nye marine organismar i oppdrett). Dette vil gje oss god informasjon og erfaring som ein kan bygge vidare på i arbeidet med å utvikle programmet. Det er naturleg at vi i forprosjektfasen held eit møte på leiarnivå mellom NFR og Vestlandsrådet med føremål å oppsummere NFR sin medverknad i vidare arbeid.

Vi registrerer at det finn stad mange sentrale prosesser og føringar som det er viktig å komme i inngrep med. Også når det gjeld å utvikle "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar". Viktig i så måte vil vere revidert statsbudsjett nå i vår og nytt statsbudsjett til hausten. Også frå næringa si side er det signalisert kor viktig det er at våre politikarar kan kjennskap til utfordringane næringa står overfor, og at våre regionale og lokale politikarar spelar aktivt inn til nasjonale prosessar.

I arbeidet som Marin ressursgruppe har utført i førebuingsfasen, har ein erfart at dette arbeidet er svært interessant, men det krev mykje tid. Vi ser difor som den beste løysinga at den Marine ressursgruppa held fram med å arbeide med å utvikle innhaldet i programmet gjennom forprosjektfasen. Men at dette arbeidet gjennom forprosjektet vert leiar av ein eige prosjektleiar som får ansvar med å drive fram arbeidet og å koordinere alle aktivitetar i forprosjektet.

Kort oppsummert har forstudiefasen ført fram til desse konklusjonane som forprosjektet vil byggje på:

Hovudutfordringa for dei nye marine næringane ligg i oppskalerings/pilotfasen, sjølv om biletet her er noko meir nyansert mellom dei einskilte artane. Gjennom førebuingsfasen er det løfta fram fleire forslag til løysing på finansieringssida som må nærare greiast ut i forprosjektet.

Ein gjennomgang av bruken av eigne (utviklings)midlar må slutførast i forprosjektet.

Det er viktig at ein arbeidar vidare med heile verdikjedeperspektivet. For å løfte denne nye næringa, bør ein vurdere målretta satsing for å få pilotar ut i marknaden.

Gjennom møter med Norges Forskningsråd (NFR) har ein i førebuingsfasen så langt erfart at tida ikkje er mogen for delegering av avgrensa oppgåver/midlar frå NFR til eit Vestlandsprogram. Det vil vere trong til å vidare avklare NFR si rolle i eit Vestlandsprogram i forprosjektet.

Vidare oppfølging av sentrale prosessar vil vere svært viktig for det vidare arbeidet. Ein må likeeins følgje opp aktivitetar som er spela til inn Stortingsmelding nr. 19; Den blå åker, og å vere medspelar i å utvikling av eit marint innovasjonsprogram.

Å nytte konsulentar med "den rette kompetansen" vil vere viktig for resultatet av forprosjektet. Dette gjeld kompetanse på prosessen og fagleg utvikling i forprosjektet, men like mykje "rett" kompetanse for den vidare finansielle hovuddelen av forprosjektet. Det vil truleg vere trong ulike personar inn her.

## **"Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar" – Forprosjekt**

Programmet er tenkt realisert m.a. gjennom politisk samarbeid, påverknadsarbeid i høve til sentrale mynde, utvikle ein samarbeidsmodell om utvikling av nye oppdrettsartar på Vestlandet (t.d. nettverk av kompetansemiljø eller etablere eit "Senter for nye oppdrettsartar" på Vestlandet). Andre tiltak er oppfølging av arenaprojektet Marin VEST, Blue-planet-initiativet, samordne fylkesvise regionale utviklingsprogram og arrangere ein større konferanse/idédugnad i 2005.

Det er trong for å konkretisere innhaldet i Vestlandsprogrammet og særleg konkretisere innsatsen og kople arbeidet opp mot, og dra mest mogleg nytte av prosessar som vert sett i gang som følgje av Stortinget si handsaming av St.meld. 21 "Den blå åker" og statsbudsjettet 2006. Dette arbeidet skal gjennomførast i forprosjektet. Vestlandsrådet har løyvd 400 000,- til det innleiande arbeidet med programmet. Det meste av desse midlane er ikkje brukt, men det vil vere trong for meir midlar for å få gjennomført arbeidet.

I forprosjektet skal ein vidareutvikle innhaldet i prosjektet, identifisere, konkretisere, utforske og velje problemstillingar. Ein skal bygge på erfaringane som er hausta i førebuingssfasen, og drive desse prosessane vidare.

### **Målsetting for forprosjektet:**

#### *Effektmål*

Meir variert, mangfaldig og lønsam akvakulturnæring på Vestlandet

#### *Produktmål*

Etablere eit Program for nye oppdrettsartar på Vestlandet; Vestlandsprogrammet. Ein vil her sette søkelyset på flaskehalsane for utvikling av næringa, og arbeide med heile verdikjeda.

#### *Mål for forprosjektet*

1. Få avklart utfordringar og sjansane for påverknad og endring av kanalisering og bruk av utviklingsmidlar, forskingsmidlar og kapital til beste for "nye marine artar-næringar" på Vestlandet.
2. Utgreie samarbeidsmodellar på Vestlandet og samarbeid med nasjonalt nivå
3. Konkretisere og gje innhald til Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar.

## Aktivitetar i forprosjektet:

<b>Tema:</b>	<b>Innhald:</b>
Finansiering	Få oversikt over kva som finns av fond og nye under etablering og korleis ein kan påverke geografisk plassering og tema for fonda  Greie ut og sjå på høve til etablering av ny risikovillig kapitalbase for nye oppdrettsartar.
Utviklingsmidlar til bruk i tidleg fase nye artar	Målrette det planlagde nye marine innovasjonsprogrammet mot nye oppdrettsartar og/eller nytt program for nye oppdrettsartar.
Samordning og målretting av verkemidlar i fylka	Evaluerer bruk av regionale utviklingsmidlar til nye arter FK og IN i fylka. Greie ut og foreslå samarbeidsmodell.
Målrette og samordne FoU	Undersøke sjansane for målretting av forskingsmidlar mot nye oppdrettsartar og Vestlandet, utvikling av kunnskapsplattform, FoU-nettverk
Kommunikasjonsarbeid og politisk påverknad	St. melding 19; Den Blå åker, Statsbudsjettet 2006 Vidareutvikle plan for informasjon og påverknad.
Arealtilgang/GIS-verktøy	Med bakgrunn i Havbruksanalyse Hordaland –Forprosjekt skal det konkretiserast eit pilotprosjekt, kommunisere dette til departementa/IN og andre; organisere og finansiere
Konferanse haust 2005	Invitere sentrale aktørar, politikarar og kunnskapsmiljø til å spele inn forslag til Vestlandsprogrammet
Toppmøte mellom Vest-Landsrådet og Norges Forskningsråd (NFR)	Oppsummere NFR sin medverknad i det vidare arbeid med "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar"

## Forslag til organisering av forprosjektet

<i>Prosjekteigar:</i>	Vestlandsrådet
<i>Styringsgruppe:</i>	Næringsgruppa til Vestlandsrådet
<i>Arbeidsgruppe:</i>	Marin ressursgruppe er arbeidsgruppa. Prosjektleiaren er gruppa si leiaren.
<i>Fagleg referansegruppe:</i>	Næringsnettverket for nye marine artar på Vestlandet, IN, Fiskeridirektoratet, Marin Vest, Fiskeriforum Vest

## Tilsetting av prosjektleiar i forprosjektet

Næringsgruppa i Vestlandsrådet ser det som særskilt viktig for framdrift og innhald i forprosjektet at det vert tilsett ein prosjektleiar i "Forprosjekt - Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar". Prosjektleiaren vil få som hovudansvar å drive fram og koordinere arbeidet i høve til ein

prosjektplan. Denne planen skal utviklast i samråd med Marin ressursgruppe og dei vedtak som ligg føre i saka. Prosjektleiar skal vidare ha ansvar for rapportering av arbeidet, utarbeiding av dokumentasjon og informasjonsmateriale.

Forprosjektet skal etter planen gå over 9 månader, og eit oppdrag som prosjektleiar bør tilsvare opp til 50 % stilling i denne perioden. Ein vil be om at det vert løyvd kr. 500 000 ekstra til dette føremålet.

Den noverande marine ressursgruppa ynskjer å halde fram arbeidet i forprosjektet, men under koordinering av ein prosjektleiar. Vi ser det som viktig for koplinga mot det ordinære arbeidet med marin næringsutvikling i dei ulike fylka, at Marin ressursgruppe framleis er aktive i forprosjektet.

Før sommaren skal Marin ressursgruppe ha utforma utlysningstekst og konkurransegrunnlag, slik vi kan nytte sommaren til å få inn og vurdera tilbod. Kvalifikasjonar og pris vil vere to viktige element i vurderingane.

## Økonomi/Finansiering

Tabell 1: Forslag til budsjett og finansieringsplan:

Budsjett		Finansieringsplan	
Art:	NOK	Kjelde:	NOK
Prosjektkoordinator/innleidd bistand (50 % stilling i 9 mnd.)	500 000,-		